



STORD  
KOMMUNE



Hordaland Fylkeskommune  
v/Birte Markeseth Aasen

Vår dato: 18.04.2017  
Vår ref: 2017/1247 - 9161/2017 /  
Dykkar ref:

## Høyringsuttale - temaplan "Likeverd i Hordaland Fylkeskommune"

— Stord kommune støttar innhaldet i temaplanen «Likeverd i Hordaland Fylkeskommune».

I innleiinga til planen, andre setning, heiter det:

*«... alle hordalendingar skal ha same tilbod og høve til samfunnsseltaking, uansett kjønn, etnisk bakgrunn, livssyn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsuttrykk eller kjønnsidentitet».*

Tolka snevert, og etter ei naturleg språkleg forståing, tyder omgrepene (demonymet) «Hordalending» ein person som kjem «i frå» Hordaland fylke, medan planen gjeld for alle som, uavhengig av geografisk opphav oppheld seg i, er innbyggjar i, er mottakar av tenester osb. «i» Hordaland.

Tolkar ein «Hordalending» vidt vil omgrepene moglegvis ikkje vere ei kjelde slik indre sjølvmotseiing.

Denne merknad er altså reint språkleg, i høve til kven ein ynskjer å uttrykke at planen gjeld for.

Med helsing

Ragnhild Hageberg  
sakshandsamar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift*